

## Sak 20/23 TV OVERFØRING AV REGIONALE MØTE OG EVALUERING AV AVTALE

### Saksopplysing:

I Regionrådsmøte i november 2022, sak 79/22 vart det drøfta om det er mogeleg å TV overføre regionrådsmøter og møte i Hallingtinget på same måte som kommunestyremøte i kommunane blir TV overført. Det vart fatta slikt vedtaket:

*«Regionrådet sender saka til kommunane for å høyre kva dei meiner om denne saka og om TV overføring i kommunane. Kjem attende til Regionrådet i februar og då blir også Radio Hallingdal invitert for å evaluere noverande avtale»*

### Økonomi:

Oppstartskostnad vil vere om lag	kr. 25000 (eingongskostnad)
----------------------------------	-----------------------------

Driftskostnadene vil vere om lag slik:

TV plattform pr. mnd:	kr. 550
-----------------------	---------

Kostnad pr møte inntil 4 timer	kr. 2650
--------------------------------	----------

450 pr. time over 4 timer:	kr. 900
----------------------------	---------

Sum pr. mnd	kr. 4100
-------------	----------

Sum for 6 timars møte i 11 mnd	kr. 45100
--------------------------------	-----------

4 stk 2 dagars møte + 4*3550	kr. 14200
------------------------------	-----------

Kjøregodtgjering	kr. 2500
------------------	----------

Total drift pr år	kr. 61800
-------------------	-----------

Regionrådet blir i denne saka invitert til å

1. Vedta om ein skal ha TV overføring av regionale politiske møte
2. Evaluere noverande avtale med Radio Hallingdal

### Vurdering

Bakgrunnen for at spørsmålet om TV overføring av regionale møte kjem opp, var at ei slik ordning kunne skapa større interesse, vera opplysende for folk og vera klargjerande for dei sakene som skal vidare til behandling i kommunane.

Dagleg leiar meiner at TV overføring av regionale møter kan ha ein slik positiv effekt, men samtidig er det slik at mange av sakene i regionrådet er del av ein prosess som vil vera vanskeleg å følgje i ei TV sending. Innspel til planar, høyringar og uttaler til ulike instansar er døme på slike saker som gjer at delar av regionrådsmøtene blir reine arbeidsmøte.

Regionrådsmøtene er alltid opne møter, det er ofte presse tilstades og det skjer skjeldan eller aldri at det dukkar opp spørsmål frå kommunane om kva som var sagt i debatten i regionrådet. Når ein ser kostnaden med ordninga, er dagleg leiar i tvil om ressursbruken svarar seg i høve til kva ein får ut av det.

Eit alternativ kunne vore å hatt TV overføring på vedtakssakene i Hallingtinget. Då ville kostnadene blitt vesentleg redusert.

Når det gjeld avtala om TV overføring av kommunestyremøter, mellom kommunane og Radio Hallingdal, er dette ei ordning som ser ut til å funhere både for publikum og politikarar. Det er likevel viktig at avtala og ordninga blir evaluert og at aktuelle forbettingspunkt kan settast ut i livet.

**Forslag til vedtak**

1. Regionrådet vedtek at det ikkje blir TV overføring frå regionale politiske møte
2. Dagens avtale med kommunane blir forlenga av kvar einskild kommune

Hallingdal, 22. mars 2022

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar